

# Høyringsssvar – forslag til endringar i vallova (krinsvis oppteljing av førehandsrøysting mv.)

Hareid kommune viser til Kommunal- og distriktsdepartementet sitt høyringsnotat datert 27. mars 2026 om forslag til endringar i vallova knytt til krinsvis oppteljing av førehandsrøyster.

## 1. Overordna vurdering

Hareid kommune vil peike på at departementet sitt høyringsnotat i stor grad sjølv dokumenterer og drøftar dei mange og vesentlege ulempene ved forslaget om krinsvis oppteljing. Notatet gir eit grundig bilete av konsekvensar knytt til ressursbruk, gjennomførbarheit, risiko for feil, forsinka resultat og utfordringar med å ivareta prinsippet om hemmeleg val.

Fordelen som Stortinget si komité ønskjer å oppnå – betre kunnskap om kva det blir røysta på i dei ulike røystekrinsane – framstår etter kommunen si vurdering som avgrensa. Som Institutt for Samfunnsforskning (ISF) viser i si utgreiing, kan tilsvarende innsikt langt på veg hentast gjennom andre metodar, mellom anna valforskning basert på spørjeundersøkingar og statistiske analysar. ISF peikar vidare på at krinsvise røystetal har avgrensa verdi for forskning, og at framandrøyster i lita grad påverkar dei politiske utslaga i krinsane.

At dette forslaget kjem no – meir enn ti år etter at dagens praksis med direkte urnerøysting under førehandsrøystinga blei innført – understrekar at dette ikkje er ei endring som har vore sterkt sakna av offentlegheita eller i valadministrasjonen. Praksisen har vore godt innarbeidd sidan 2013 og har høg tillit både blant veljarar og valmedarbeidarar.

## 2. Konsekvensar for Hareid kommune

Hareid kommune hadde ved stortingsvalet i 2025 ei mellombels løysing med éin røystekrins. Dersom forslaget om krinsvis oppteljing blir vedteke, og kommunen igjen skal delast inn i fire røystekrinsar, vil dette medføre betydelege ekstra kostnader og meirarbeid.

Med dagens ordning har kommunen tre ulike oppteljingar av førehandsrøyster:

1. Ordinære førehandsrøyster lagt rett i urne
2. Øvrige førehandsrøyster (konvoluttrøyster mv.)
3. Førehandsrøyster som blir talde etter kl. 17 dagen etter valdagen

I forslaget blir det lagt opp til at seint innkomne ikkje skal krinsfordelast.

Med eitt førehandsrøystelokale og fire røystekrinsar må dei to andre fraksjonane handterast per krins. Det inneber i praksis:

- $2 \text{ fraksjonar} \times 4 \text{ krinsar} + \text{seint innkomne} = 9 \text{ oppteljingar}$

Kvar av desse oppteljingane skal igjen sorterast på parti. Ved stortingsvalet i Møre og Romsdal i 2025 stilte 18 lister. I tillegg har vi blanke og ukurante. Til saman blir det 180 forskjellige bunker.

Ved kommune- og fylkestingsval kjem det i tillegg eitt val til, og talet på fraksjonar må dermed gongast med to:

- $9 \text{ fraksjonar} \times 2 \text{ val} = 18 \text{ oppteljingar}$  (gonga talet på lister som vil vere 20-25)

Desse reknestykka illustrerer tydeleg korleis forslaget aukar kompleksiteten i valoppgjeret monaleg.

Ein vesentleg del av meirarbeidet ligg ikkje berre i sjølve oppteljinga, men i sorteringa av røystesetlar i forkant. Ved kommune- og fylkestingsval er røystesetlane ulike i farge, noko som i dag gjer sorteringa oversiktleg. Ved føreslått ordning vil røystesetlar med same farge måtte skiljast frå kvarandre basert på handskrivne krinsnummer, noko som aukar risikoen for feil og gjer arbeidet både meir tidkrevjande og meir sårbart.

### 3. Ressursbruk, kvalitet og tillit

Hareid kommune deler vurderinga i høyringsnotatet om at forslaget vil:

- krevje meir personell og lengre arbeidstid
- stille større krav til opplæring av valmedarbeidarar
- auke risikoen for feil i røystemottak og oppteljing
- gjere det vanskelegare å kontrollere avvik mellom kryss i manntalet og tal røystesetlar

Vidare vil ei meir samansett oppteljing kunne bidra til forseinka og meir usikre førebelse valresultat. Dette er uheldig både av omsyn til openheit, tillit og den offentlege formidlinga av valresultata.

### 4. Avsluttande merknad

På bakgrunn av ei samla vurdering meiner Hareid kommune at forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsrøyster ikkje er tenleg. Forslaget inneber auka kostnader, meir komplekse og tidkrevjande prosessar, større risiko for feil og svekka kontroll, samstundes som den reelle informasjonsgevinsten er avgrensa og i stor grad kan hentast gjennom andre metodar.

Kommunen vil i tillegg peike på at dagens ordning for førehandsrøysting blir opplevd av veljarane som smidig, enkel og tillitsskapande. Å introdusere meir kompliserte rutinar kan svekkje veljaropplevinga. Dette kan i neste omgang føre til at fleire veljarar let vere å røyste, noko som er uheldig for demokratiet. Høyringsnotatet peiker også på at forslaget kan få den konsekvensen at det er endå meir å spare for kommunane å ha færre krinsar enn i dag.

Hareid kommune rår difor tydeleg til at gjeldande ordning for mottak og oppteljing av førehandsrøyster blir vidareført, og at ein ikkje går vidare med løysingar som i praksis vil forverre både valavviklinga og veljarane si oppleving av valet.

## 5. Etterord

Vi vil også kommentere eit par av løysingane som ikkje blei med i forslaget:

### Konvoluttrøysting

Å gå tilbake til at alle førehandsrøyster skal i konvolutt, blir omtalt som ein mogleg teknisk tilnærming i høyringsnotatet. Skulle ei slik løysing bli aktualisert, meiner kommunen at ho må avvisast utan vidare.

Ei slik løysing vil føre til svært store ulemper. Erfaringar frå dagens praksis viser tydeleg at mottak av røyster i konvolutt er vesentleg meir tidkrevjande enn ordinær førehandsrøysting med direkte urnerøysting. Kommunen estimerer at konvoluttmottak tek om lag 0,5-1 minutt per veljar. Allereie i dag ser vi at det kan oppstå kø om vi må ta imot mange konvoluttrøyster samstundes (til døme veljarar får andre kommunar).

Dersom alle førehandsrøyster må takast imot i konvolutt, vil det gjere valavviklinga svært vanskeleg og ressurskrevjande, særleg den siste veka før valdagen då pågangen er størst. For å unngå omfattande køar ville det vere nødvendig å meir enn doble kapasiteten ved førehandsrøystelokala. Dette ville medføre betydelege ekstrakostnader.

Konvoluttstemming inneber:

- handtering av både omslagskonvolutt og røystesetelkonvolutt
- manuell opning av alle konvoluttar
- ekstra sortering før oppteljing

Dette gir ein monaleg meir arbeidskrevjande oppteljingsprosess samanlikna med dagens ordning der røystesetlane blir lagt direkte i urne. Vidare vil ei konvoluttbasert løysing medføre betydeleg meir papirbruk, noko som både har ein økonomisk og ein miljømessig kostnad.

Samla sett vurderer Hareid kommune at ei generell tilbakevending til konvoluttbasert førehandsrøysting vil representere eit klart steg tilbake når det gjeld effektivitet, ressursbruk og brukarvennlegheit.

### Krinsoppteljing av seint innkomne og valtingrøyster

Det er veldig bra at forslaget tek ut desse to fraksjonane. Det er berre å gå til reknestykket under punkt to for å sjå korleis det ville ha slått ut. For seint innkomne ville det blitt tilsvarende mange oppteljingar. For valtingrøyster ville det blitt like mange oppteljingar i kvart vallokale, sidan førsteteljing ofte skjer ute i vallokala. Ein totalt unødig ressursbruk.